



# Lovvedtak 10

(2015–2016)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 43 L (2015–2016), jf. Prop. 96 L (2014–2015)

I Stortingets møte 26. november 2015 ble det gjort slikt

## vedtak til lov

om endringer i jordskiftelova (reglar om saksbehandling mv.)

### I

I lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova) blir det gjort følgjande endringar:

§ 3-18 skal lyde:

§ 3-18 *Vern mot tap*

Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene og ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett.

§ 3-37 andre ledd første punktum skal lyde:

Det er òg ein frist på ti år for behandling av nytt krav der jordskifte er nekta fordi vilkåra i §§ 3-2, 3-3 eller 3-18 ikkje var oppfylte.

§ 6-1 andre ledd skal lyde:

Desse delane, kapitla og paragrafane i tvisteloven gjeld slik det går fram av paragrafane i lova her, og elles så langt dei høver: Kapittel 2, 3 og 8, § 9-6 første og andre ledd, tredje ledd første og andre punktum og fjerde ledd, §§ 9-10 og 9-13 til 9-17, § 10-5 første og andre ledd, kapittel 11, § 12-1 første til tredje ledd, § 13-1 andre og tredje ledd, §§ 13-3 og 13-4, kapittel 13 II, kapittel 14, § 15-2 første ledd bokstav b, §§ 15-6 til 15-8, kapittel 16 I, II og III, § 16-18, kapittel 17, §§ 18-1 og 18-2, kapittel 19 og 20, femte del og sjette del.

§ 6-21 første ledd skal lyde:

*Ved førebuing av ei jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd bokstav b), f) og h), skal retten utarbeide*

*forslag som viser resultatet av jordskifteavgjerda, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.*

§ 6-22 første ledd skal lyde:

Dersom det ikkje er tvist mellom partane, skal jordskifteretten utarbeide forslag *som viser resultatet av avgjerda om fastsetjing av grenser, eigedomsrett, rettar eller anna*, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

§ 6-23 fjerde ledd skal lyde:

Ved jordskifteavgjerd tek retten avgjerd om

- a) vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte eller ikkje, *samt sakleg og geografisk avgrensing av saka etter § 6-9*
- b) *verdsetjing* av det som skal gå i byte i jordskiftet, val av trasé for vegar og *andre jordskifteløysingar* undervegs i saka *som ikkje er nemnde annan stad i leddet her*
- c) *merking* og måling *også når dette arbeidet er utsett til etter at saka er avslutta*
- d) skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 i samband med sak for jordskifteretten
- e) reglar som etter § 3-34 skal gjelde for ei viss tid
- f) fordeling av planskapt netto verdiauke etter § 3-30
- g) sakskostnader etter § 7-6, og
- h) den endelege jordskifteløysinga.

§ 7-7 første ledd skal lyde:

*Jordskifteretten skal leggje sakskostnader knytte til trekking av ei sak, avvising av ei sak når vilkåra*

*for saka ikkje er oppfylte, eller for seine krav eller opplysningar på dei som har valda kostnadene.*

I § 9-7 nr. 7 skal endringa i lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom § 7 andre ledd første punktum lyde:

I slike høve skal *eigaren svara* vederlag i jord, rettar eller pengar.

## II

Lova gjeld frå den tida Kongen bestemmer.

**Olemic Thommessen**

president